



Delegasjonen frå Guatemala vil mellom anna få oppleve kulturkveld i Bøkkerverkstaden. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ein delegasjon på åtte fra venskapskommunen i Guatemala kjem no til Kvinnherad og dei vil også få oppleve Uskedalen. Dei vil vera med på ein spesielt arrangert kystkulturkveld i Bøkkerverkstaden på Rød måndag 14. mai og feiringa av 17. mai på Stemneplassen eller i Aktivitetshuset. På denne dagen kjem dei til bygda etter å ha vore med på gudstenesta i Valen kyrkje og gått i folketogt til sjukehusparken.

Delegasjonen landa på Gardermoen laurdag kveld 5. mai og blir innkvartert privat i Kvinnherad. Dei blir her til laurdag 19. mai – altså i tilsaman to veker.

Venskaps-samarbeidet med San Lucas Toliman vart etablert i 1998 like etter at det vart våpenkvile etter ein lang og opprivande borgarkrig. Sidan har det vore fred og ei positiv utvikling i landet.

Ein viktig del av venskapsarbeidet har vore kontakt mellom elevar i grunnskulen i dei to kommunane. Under opphaldet her no vil dei åtte vitja både barneskular, ungdomsskule og vidaregåande skule.

Dei skal også møta ein utøvande kunstnar og skal innom biblioteket, eit gardsbruk og Baroniet, for å nemna noko. Og dei vil følgja med spesiell interesse korleis vassforsyninga fungerer hjå oss. I deira eigen kommune er reint vatn ein luksusvare.

Men eit spesielt høgdepunkt blir sjølvstøtt deltakinga i nasjonaldagen vår. Dei åtte skal også vera på eit formannskapsmøte og det er sett av tid til ein tur til Bondhusvatnet med grilling av laks.

Guatemala-gruppa er delt i to. Til venskapsgruppa kjem fire som er leia av Byron Maldonado, som leiar venskapsgruppa i San Lucas. Han er pensjonert rektor på Mariano Galvez, som er venskapsskule til Valen skule.

Dei andre fire kjem til KVV og er leia av Gabriel Cuj, som er rektor på venskapsskulen og styremedlem i venskapsgruppa. Blant desse fire er det også to elevar.

Av Ola Matti Mathisen

